



Oddmund og døra er klar for fjelltur.

**Vi har tidlegare i dag skrive om at den kjære ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet har fått seg ny ytterdør. Transporten av døra var ein imponerende kraftprøve. Oddmund Soldal bar nemleg den tunge døra med karm på ryggen heilt frå fylkesvegen og opp til hytta.**

Eg kan ikkje skjønna anna enn at det må ha vore ein skikkeleg tung tur. Det høyrer med til historia at Oddmund hadde tilbod om opning av bommen og motorisert transport av døra til enden av skogsvegen. Likevel valde han å bera døra på ryggen heile vegen. Det var nok god trening for den dyktige langrennsløparen, men.....

Eg har fått forhandla meg fram til bilete frå turen. No kan lesarane følgja døra på ferda til fjells i denne bileterien. Eg vil tru ein del både sveittar og kjenner det i bein og kropp etterkvart som ein blar seg nedover i bileta.



Godt å koma i gang.



Godt å kvila seg med kunstverka til Gaute Haugland



Væsketilførsel, viktig og kjærkome!



Endeleg mål i sikte!



Vel framme og ferdig med ei god treningsøkt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Privat